

Arkivnr: 2016/2593-3

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.09.2018

Innspel til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017 - 2027 - Kvam herad**Samandrag**

Kvam herad har sendt kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017 – 2027

(<https://www.kvam.no/aktuelt/hoyring-og-offentleg-ettersyn-av-kommunedelplan-for-fysisk-aktivitet-idrett-og-friluftsliv.15916.aspx>) til offentlig ettersyn med frist 1. oktober 2018. Hordaland fylkeskommune mottok planen 6. juli 2018.

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017, punkt 2.2.7: *Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.*

Kvam herad skriv at delplanen skal vera eit politisk styringsdokument som vil vere eit verkty for kommunen sine prioriteringar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i planperioden.

Folkehelse: Kommunedelplanen er i samsvar med regionale mål innan folkehelse.

Regional planstrategi: I samsvar med punkt 2.2. Mål om eit inkluderande samfunn

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Kvam herad, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av delplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i delplanen i tråd med merknadene i saka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.08.2018

Statlege retningslinjer for planarbeidet

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, jf plan- og bygningslova §11-1, Kommuneplan:

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.»

Kulturdepartementet set følgjande krav i *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017*, pkt 2.2.7: *«Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.»*

Kulturdepartementet har utarbeidd ein eigen rettleiar for utarbeiding av kommunedelplanar for idrett og fysisk aktivitet; «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (V-0798, revidert utgåve 2014). I brev av 1. desember 2015 gjer Kulturdepartementet følgjande presiseringar:

- *«Fylkeskommunen kan ikke underkjenne/avslå vedtak om kommunal plan gjort i kommunestyret (med hjemmel/som følge av spillemiddelordningen), men kan velge å ikke prioritere anlegget i tildelingen.*
- *Når dokumentasjon på anleggets plass i kommunal plan ikke foreligger ved idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning skal det i forhåndsgodkjenningen forutsettes at dette foreligger dokumentert ved søknad om spillemidler. Hvis ikke dette foreligger skal ikke spillemiddelsøknaden godkjennes.*
- *Der hvor gjeldende kommunal plan er utgått skal det forutsettes i idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning at anlegget er tatt inn i ny plan før spillemiddelsøknad sendes. Dokumentasjon må foreligge for at spillemiddelsøknaden kan godkjennes.»*

Planen er ryddig og presenterer fagfelta i kommunen på ein god måte. Dokumentet er oversiktleg og informativt.

Kap 2.0 Rammer og overordna føringar for planen.

Fylkesrådmannen saknar presisering av dei regionale styringsdokument som ligg til grunn for delplanen, som t.d.: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og Regional plan for folkehelse 2014-2025.

Kap 3.0 Evaluering og oppsummering frå førre plan

Viktig og god gjennomgang for å dra linjene mellom planane og for å vise til utviklinga i kommunen.

Kap 4.1 Hovudmål

Hovudmålet for delplanen er tydeleg.

Kap 5.2.1 Deltaking i idrett

Dette er eit godt kapittel der kommunen presenterer alle nivå av deltaking, og særleg positivt er det at det vert peika på eit potensiale i å tilrettelegge for personar med funksjonsnedsetting. Fylkesrådmannen utfordrar kommunen til også å sjå på arbeidet med tilrettelegging av kroppsøvingsfaget og fysisk aktivitet i skulen for denne målgruppa.

Kap 5.3 Fysisk aktivitet og eigenorganisert aktivitet

Dette kapittelet peikar på strukturelle utfordringar og viktige tiltak i eit heilskapleg folkehelseperspektiv.

Kap 5.3.1 Ungdom – sjølvorganisert aktivitet – nye trendar

Fylkesrådmannen rår til bruk av omgrepet eigenorganisert, og ikkje sjølvorganisert. Dette er eit viktig kapittel som set ord på utviklinga med nye trendar og endring i aktivitetslandskapet. Kommunen oppmodast til å konkretisere eigne satsingsområder for denne målgruppa.

Kap 5.4 Fysisk aktivitet og friluftsliv

Kapitlet er omfattende og innholdsrikt og speglar ein kommune med mykje aktivitet, særleg knytt til friluftsliv.

Kap 6.2. Frivillig innsats

Skryt for eige kapittel til heider for frivillige.

Kap 8.0 Anleggsstatus og aktuelle prosjekt

Grundig gjennomgang av anleggssituasjonen med presisering av aktuelle prosjekt der det er relevant. Når det gjeld turisthytter, så vert kommunen oppmoda til å oppdatere informasjonen om utbetring og nybygg på Breidablik, der byggeprosessen er komen langt og skal vere klar til bruk sommaren 2019.

Kap 9.1 Ordinære anlegg

Til turveggar og turstiar på minimum 1 km, kan ein få støtte på inntil 50% av kostnaden, men maksimalt inntil kr. 500.000,- for den første kilometeren og inntil kr. 250.000,- for kvar halve kilometer vidare.

Samla vurdering

Planen er noko lang, men er ryddig sett opp og lett å finne fram i. Fylkesrådmannen meiner den er eit godt arbeidsverktøy for prioriteringar kommunen skal gjere på fagområde. Det er oversiktleg og informativt på alle områder, og kan nyttast både av administrasjonen, politikarar og frivillige lag og organisasjonar.